



## DAGSORDEN

### Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Jostedalsbreen, Vestlandshuset

Dato: 22. september 2023

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 15. september 2023

### Saksliste byvekstvtale Bergensområdet

- Sak 73/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 74/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 23.06.2023
- Sak 75/23 Handlingsprogram 2024-2027: Oversikt over lokale vedtak
- Sak 76/23 Omdisponering av belønningsmidlar i Bjørnafjorden (post 66)
- Sak 77/23 Strakstiltak tilrettelegging for sykkel Gulating - Nygårdstangen
- Sak 78/23 Nytt frå Skyss
- Sak 79/23 Fløyfjellstunnelen sør, val av løysing
- Sak 80/23 Trafikkdata og trafikkutvikling i by
- Sak 81/23 Byindeks
- Sak 82/23 Mobilitetsveka 2023
- Sak 83/23 Eventuelt byvekstvtale Bergensområdet

### Saksliste bypakke Bergen

- Sak 84/23 Eventuelt Bypakke Bergen

## Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

### Sak 73/23 Godkjenning av innkalling og sakliste

*Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.*

### Sak 74/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 23.06.2023

#### Vedlegg 1

*Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.*

### Sak 75/23 Handlingsprogram 2024-2027: Oversikt over lokale vedtak

#### Vedlegg 2

I juni 2023 handsama dei lokalpolitiske partane i Miljøløftet Handlingsprogram 2024-2027. Alle partane slutta seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram. I denne saka samanfattar sekretariatet vedtakspunkta frå dei ulike politiske styra. I vedlegg 2 er dei ulike vedtaka presenterte, saman med merknader og protokolltilførsalar. Det er dei lokale partane sjølv som er ansvarlege for å ta i vare sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane. Partane må orientere Miljøløftet dersom det er utfordringar knytt til oppfølging av vedtak, eller andre særlege omsyn av relevans for partane i Miljøløftet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tar saka til orientering. Dei lokale partane er sjølv ansvarleg for å ivareta sine politiske vedtak i dei kommande rulleringane av handlingsprogram.*

### Sak 76/23 Omdisponering av belønningssmidlar i Bjørnafjorden (post 66)

#### Vedlegg 3

15. juni 2023 behandla Bjørnafjorden kommunestyre sak om «Omdisponering av belønningssmidlar i Miljøløftet» (sjå vedlegg 3 for vedtak og saksframstilling). I saka blir det peikt på ulike årsaker til at kommunen ønskjer å omdisponere, mellom anna at kommunen har prosjekt som kan bli gjennomført tidlegare i perioden. Det blir óg vist til at kommunen har pengar på fond, og at staten sine retningslinjer er at midlane skal nyttast det året dei vert løyvd.

Styringsgruppa for Miljøløftet har det overordna ansvaret for bruk av midlar i Miljøløftet, og saka blir derfor lagt fram for vedtak. Saka har blitt presentert for prioriteringsrådet utan at det kom merknader.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa for Miljøløftet godkjenner omdisponert bruk av belønningssmidlar i Bjørnafjorden over post 66, i tråd med vedlegg 3.*

### Sak 77/23 Strakstiltak tilrettelegging for sykkel Gulating–Nygårdstangen

#### Vedlegg 4

Saka er ei oppfølging av styringsgruppas sak 59/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet, Sykkelveg Kaigaten, der Bergen kommune peikte på behovet for ei

midlertidig overgangsløysing mellom Statens hus og Kaigaten/ Gulating. Det blei bestemt at det skulle bli etablert ei arbeidsgruppe for å sjå nærmare på kortsiktige løysingar for dette strekket. Arbeidsgruppa er ferdige med sitt arbeid, sjå vedlegg 4.

Konklusjonane i rapporten har blitt lagt fram for prioriteringsrådet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 78/23 Nytt frå Skyss**

Målfrid Vik Sønstabø, direktør Skyss, orienterer om mellom anna oppdaterte tal på kollektiv og erfaringar frå ein sommar med mangel på bussjåførar.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 79/23 Fløyfjellstunnelen sør, val av løysing**

Dagens Fløyfjellstunnel (Fløyfjellstunnelen sør) treng oppgradering for å møte krava i Tunnelsikkerhetsdirektivet. Den treng óg ombygging for å legge til rette for toveistrafikk i begge løp. Dette er nødvendig for å redusere sårbarheit i vegsystemet og for å skjerme Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk ved stengingar.

Prosjektet Fløyfjellstunnelen sør er ikkje del av gjeldande byvekstavtale, men avgjerslene her er viktige for framdrifta av bybanens byggetrinn 5. I tråd med ønske frå styringsgruppa om å nytte dette forumet til orienteringar om større prosjekt av relevans for regionen, blir saka lagt fram.

Statens vegvesen orienterer om bakgrunn for val av løysing.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

### **Sak 80/23 Trafikkdata og trafikkutvikling i by**

Statens vegvesen har starta eit arbeid for å presentere og bruke data om trafikkutviklinga i by på ein betre måte. Det blir sett på data for ulike trafikantgrupper for å vurdere måloppnåing, der fokuset er på nullvekstmålet. Det er også eit mål å gjere data tilgjengeleg på tvers av dei ulike byvekstavtaleområda nasjonalt.

Statens vegvesen ønsker å gå i dialog med byområda som har byvekstavtalar for å finne gode måtar å samarbeide om dette.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

### **Sak 81/23 Byindeks**

Byindeksen reknar ut endring i trafikkmengd for byområdet. Metoden er basert på trafikkregistreringar frå faste punkt fordelt på riks- og fylkesvegar, samt på enkelte kommunale vegar, og er meint å gi eit representativt bilete av trafikkutviklinga i avtaleområdet. For kvart trafikkregistreringspunkt blir trafikk samanlikna dato for dato og time for time mellom to påfølgande år. Det blir tatt omsyn til periodar der

registreringsutstyret ikkje har vore i drift, og periodar der trafikken i stor grad er påverka av vegstengingar og omkøyningar.

Statens vegvesen presenterer oppdaterte tal.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.*

### **Sak 82/23    Mobilitetsveka 2023**

Mobilitetsveka blir arrangert kvart år frå 16. – 22. september over heile Europa. Målet er å synleggjere korleis folk kan reise meir miljøvennleg, samtidig som transportbehovet blir dekkja. I 2022 deltok om lag 3000 byar og tettstadar i 51 land. Mobilitetsveka er dermed Europas største kampanje for miljøvennleg transport.

Årets tema er «Spar energi». I år, som tidlegare år, markerer Miljøløftet mobilitetsveka i heile avtaleområdet. Sekretariatet summerer opp høgdepunkta på siste dagen av arrangementet.

*Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering*

### **Sak 83/23    Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet**

## **Saksliste Bypakke Bergen**

### **Sak 84/23    Eventuelt Bypakke Bergen**